



Klokken 18.00-21.00 på Speidersenteret.

Tilstede: Ragnar Pettersen, Louise Pettersen, Ulf Larsen

Frå kontoret: Jens Ivar K. Kleiven.

Ikkje tilstede: Dag Johan Steinskog, Kjell Aalvik, Christopher Kvalvåg, Hege Olsen



- Sak 25-11 Referat fra forrige møte
Godkjent utan annmerking
- Sak 10-11 100 års jubileum
Det kom fleire namn på lista over personar som kanskje kan sitte i komiteen. Jens tar kontakt med dei forskjellige og melder tilbake innan utgangen av september.
- Sak 11-11 Kvamsøy
Det er naudsynt å få vite kor vi ligg i løypa. Sidan Kjell ikkje var tilstades tar Jens kontakt for å høyre om framgangen.
- Sak 15-11 Framtidige arrangement
Det bør arrangerast ei gruppleiar samling der ein også tek opp tanken om regionssamarbeid igjen. Det vert også utarbeida ein liste over arrangement i kretsen som skal opp til diskusjon på neste kretsting. Ragnar setter opp eit strategidokument som styret diskuterar ved neste møte.
- Sak 20-11 Nye grupper?/ Oppfølging eksisterande
31.08 var det oppstartsmøte på Liland skole med godt oppmøte av foreldre og ungar som ville bli speidere. Terje Langedal frå Sandsli var med og fortalte om korleis det var å starte opp ei speidergruppe. Det er mulig Sandsli kan fungere som mentorgruppe for Liland.
- Det er også nokon som ønskjer å starte opp ei gruppe på Haus på Osterøy. Jens følgjer opp vidare og avtalar aktivitetsdag og lignende.

Hordaland krins av Norges speiderforbund

Besøksadresse: Speidersenteret i Bergen, Tverrgaten 2 | Postadresse: Postboks 723, Sentrum, 5807 Bergen

Telefon: 55 31 74 58 | E-post: speidersenteret@hordalandsspeiderne.no | WEB: www.hordalandsspeiderne.no

Org. nr . 971 516 097 | Åpningstider: man - tirs 9-15, tors 16 - 20 | Bank: 9521 05 44993

Member of the World Organization of the Scout Movement (WOSM) and the World Association of Girl Guides and Girl Scouts (WAGGGS).

Sist møte vart det avtalt at ein skulle forsøkje å starte opp fleire grupper i Åsane. Dette vert midlertidig satt på vent slik at vi kan gje god oppfølging til dei gruppene som alt er nystarta.

Kretsstyret sine medlem vert oppfordra til å ta kontakt med gruppene dei er ansvarlege for.

Ragnar: Arna MSK, Ulriken, Ekerhovd FA, Voss, Askøy MSK

Christopher: 1. Storåsen, 3. Laksevåg sjø, 16. Bergen, 1. Norheimsund, Søreide

Dag Johan: Bergen MS, 1. Fjøsanger, Kolltveit BKS, RBG Bergen, Ladegården FA

Kjell: 4. Bergen-Sandviken, 18. Bergen, 1. Skjold, Os-Kolskogen

Ulf: Bergen 1 FA, Solheimsviken FA, Bønes, 1. Øystese sjø

Louise: 1. Lone, Austevoll sjø, 1. Øvsttun, Valestrand, 1. Lindås

Hege: 1. Laksevåg, 23. Bergen, Sandsli, Glesnes

- Sak 26-11 Halvårsrekneskap
Gjennomgang i rekneskapet visar at vi ligg godt i rute etter årets budsjett.
- Sak 4-11 Friluftsløysen
Friluftsløysen vart godt mottatt av dei som deltok. Jens skriv ein rapport som vert lagt fram på neste styremøte.
- Sak 27-11 Sprek/Trimtoppen
Det er misnøye med at vi til stadig vert utelatt når det gjeld annonsar som står i BT. Jens tar saken vidare.
- Sak 28-11 Bergen Matfestival
Dette kunne på alle måtar vert interessant å vere med på, dessverre er tidsfristen for kort til at vi i år kan vere med. Jens gjev beskjed til festivalen.
- Sak 29-11 Deltaking Toppledarsamling (KL/KS)
I år er det eit ønskje om at alle i kretsstyret reiser på Toppledarsamling. Jens tar kontak med dei som ikkje var

Sak 30-11

der frå styret for å høyre om dei vil reise, og ordner med billetter etc.

Styremøte for halvåret

Det er satt opp tre styremøter for resten av halvåret:

3.oktober

3.november

1.desember

Møtene vil være på Speidersenteret frå 18-21 med mindre det vert opplyst om anna.

Sak 31-11

Eventuelt

Kontor/Bildelingen

Bildelingen har bekrefta at dei flyttar ut frå ca

1.desember. Dette er grunna plassmangel på kontoret.

Det vart bestemt at ein først skulle høyre med KM om dei

ville ha lokala, før ein går vidare og høyrer om det er

andre organisasjonar som kunne tenke seg å leie

kontoret. Leie prisen vart sett til 5000 kr for lokalet.

Kretsleir

Det vart etterlyst ein rapport frå leirkomiteen om

gjennomføring osv.